HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteprotokoll

**Utval:** **Fylkesutvalet**
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen
**Dato:** 27.08.2015
**Tidspunkt:** 11.10-14.50

**Følgjande faste medlemmer møtte**:

| Namn | Funksjon | Parti | Merknad |
|---|---|---|---|
| Sveinung Valle | Medlem | A | |
| Astrid F. Selsvold | Medlem | A | |
| Nils-Olav Nøss | Medlem | A | |
| Marte Malones | Medlem | A | |
| Terje Søviknes | Medlem | Frp | |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | Frp | Til kl. 13.15 |
| Tom-Christer Nilsen | Fylkesordførar | H | |
| Mona Røsvik Strømme | Medlem | H | |
| Inge Reidar Kallevåg | Medlem | H | |
| Birthe Eriksen | Medlem | H | |
| Benthe Bondhus | Medlem | Sp | |
| Aud Karin Oen | Medlem | SV | |
| Mona Haugland Hellesnes | Fylkesvaraordførar | V | |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Parti |
|---|---|---|
| Torill Selsvold Nyborg | Medlem | KrF |
| Silje Hjemdal | Medlem | Frp |

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Parti | |
|---|---|---|---|
| Pål Kårbø | Torill Selsvold Nyborg | KrF | |
| Inger Ulvund | Silje Hjemdal | FrP | |
| Alf Helge Greaker | Mona Haugland Hellesnes | V | Møtte i sak 201/15 |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesrådmann |
| Ingrid Kristine Holm Svendsen | Fylkesdirektør økonomi og organisasjon |
| Svein Heggheim | Fylkesdirektør opplæring |
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør samferdsel |
| Ronny Skaar | Utviklingssjef, kultur- og idrettsavdelinga |
| Arne Åsan | Fylkestannlege |
| Bård Sandal | Fylkesdirektør regional utvikling |
| Hilde J. Mæland | Kommunikasjonsrådgjevar |
| Gro Stien Thorvaldsen | Seniorrådgjevar |

Gro Stien Thorvaldsen
Sekretær

**Sakliste**

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 195/15 | Godkjenning møteinnkalling | | |
| PS 196/15 | Godkjenning møtebok forrige møte | | |
| PS 197/15 | Referatsaker (Meldingar) | | |
| RS 108/15 | Saker på sommarfullmakt 2015 | 2015/7758 | |
| RS 109/15 | Signert møtebok frå generalforsamling i Valen Kraftverk AS | 2014/11331 | |
| RS 110/15 | Protokoll frå generalforsamling i Bømlo Vegselskap AS | 2014/15998 | |
| RS 111/15 | Generalforsamling i Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter A/S 28. april 2015 - Protokoll | 2014/15275 | |
| RS 112/15 | Protokoll frå generalforsamling - Opero - 2015 | 2014/12017 | |
| RS 113/15 | Signert protokoll fra generalforsamling i Beredt AS 29. juni 2015 | 2014/20581 | |
| RS 114/15 | Årsmelding Vigo IKS 2014 | 2015/7154 | |
| RS 115/15 | Protokoll generalforsamling | 2014/11637 | |
| RS 116/15 | Årsmøteprotokoll - Hardangerbrua AS | 2014/16224 | |
| RS 117/15 | Protokoll fra generalforsamlingen i BKK AS 29.04.2015 | 2014/11462 | |
| RS 118/15 | Møteprotokoll frå Folgefonna nasjonalparkstyre 8. juni 2015 | 2015/6912 | |
| RS 119/15 | Protokoll fra generalforsamling | 2014/17146 | |
| RS 120/15 | Protokoll fra årsmøtet i Foreningen 12. juni 2015 i Vest-Norges brusselkontor | 2014/10781 | |
| RS 121/15 | Protokoll fra generalforsamling 12. juni 2015 i Vest-Norges brusselkontor AS | 2014/10781 | |
| RS 122/15 | Fylkesmannens beredskapsgjennomgang - rapport | 2014/15688 | |
| RS 123/15 | Elbilpasseringar og bompengeinntekter - versjon 2 | 2015/5427 | |
| RS 124/15 | Belønningsordninga - Bergen - Signering av nye avtale 2015-2018 | 2014/10571 | |
| RS 125/15 | Uttale Kystverket Vest - Rullering av Nasjonal Transportplan 2018 - 2027 | 2014/21176 | |
| RS 126/15 | Skånevik ferjekai | 2015/5194 | |
| RS 127/15 | Generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering - tolking av mandat | 2014/21703 | |
| RS 128/15 | Svar på spørsmål frå Torill Selsvold Nyborg | 2015/8392 | |
| RS 129/15 | Tillegg til sak "Pedagogisk arkitektur" | 2014/21640 | |
| RS 130/15 | Ny klagenemndsordning - skatteområdet - landsdekkende skatteklagenemnd | 2015/5306 | |
| RS 131/15 | Kriteriedata til inntektssystemet | 2014/13940 | |
| RS 132/15 | Invitasjon til å delta i reformprosessen (ref 15/3288-1) | 2015/3561 | |
| RS 133/15 | Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. august 2015 | 2014/356 | |
| RS 134/15 | Større saker til politisk behandling hausten 2015 – per august | 2014/1527 | |
| PS 198/15 | Avtale med JCDecaux om reklame på rullande materiell | 2015/4501 | X |
| PS 199/15 | Regional transportplan Hordaland - høyring av framlegg til planprogram | 2015/535 | |

| | | |
|---|---|---|
| PS 200/15 | Oppretting av styringsgruppe for arbeidet med ny sonetakststruktur. | 2015/7302 |
| PS 201/15 | Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomitèen og fordeling av kr. 500.000 | 2014/1636 |
| PS 202/15 | Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2016. | 2014/23709 |
| PS 203/15 | Endringar i kollektivtilbodet i Kvinnherad | 2015/428 |
| PS 204/15 | Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy | 2015/1217 |
| PS 205/15 | Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland - Oppfølging | 2014/15115 |
| PS 206/15 | Høgskolen i Bergen - Nytt val av eksterne styremedlemer | 2015/841 |
| PS 207/15 | Høyring om endring i fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring | 2015/6561 |
| PS 208/15 | Pedagogisk Arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK | 2014/21640 |
| PS 209/15 | Tiltak for å redusere fråfall og auke gjennomføring i vidaregåande opplæring | 2015/6776 |
| PS 210/15 | Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 4 - 2015 | 2014/598 |
| PS 211/15 | Høyring - NOU 2015:2 Å høre til - Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø | 2015/6303 |
| PS 212/15 | Anmoding om uttale - Hordaland Privatgymnas AS - søknad etter privatskoleloven | 2015/5369 |
| PS 213/15 | Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn | 2015/1175 |
| PS 214/15 | Forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - Baroniet Rosendal. Høyringsfråsegn | 2014/495 |
| PS 215/15 | Søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn. | 2015/5381 |
| PS 216/15 | Forslag om freding av Forum kino i Bergen. Høyringsfråsegn | 2015/890 |
| PS 217/15 | Framlegg til høyringsutgåve Handlingsprogram 2016-2018 for Vassregion Sogn og Fjordane - regional plan for vassforvaltning | 2014/21281 |
| PS 218/15 | Søknad om løyve til Tysso kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn. | 2015/5174 |
| PS 219/15 | Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer | 2014/14018 |
| PS 220/15 | Avtale om kjøp av bokbåtteneste for Hordaland og Møre og Romsdal | 2015/1160 |
| PS 221/15 | Klage på vedtak om avslag på tilskot til "NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2015-2016" (RULL-midlar, søknadsnummer: 2015-0037) | 2015/2177 |
| PS 222/15 | Svar på spørjeundersøking frå Nordsjøkommisjonen | 2015/7636 |
| PS 223/15 | Rapportering på bruk av tilskot for Business Region Bergen | 2015/3081 |
| PS 224/15 | Rekneskapsrapport pr. juni 2015. | 2015/7997 |
| PS 225/15 | Ymse | |

## PS 195/15 Godkjenning møteinnkalling

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

**Aud Karin Oen** hadde slik merknad til saklista/PS 198/15 "Avtale med JCDecaux om reklame på rullande materiell":

> "Saka er unnateke offentleggjering. Kva opplysningar i saka som gjer at den ikkje kan vera open for alle har eg vanskar med å forstå. Avtalen er ferdig til signering og det er ingen konkurranse med andre firma i dette.
>
> Eg ber om ei vurdering /forklaring på kvifor det er slik.
>
> Eg ber om at saka vert vurdert opna for alle."

Fylkesrådmannen svarte slik:

> "Offentleglova § 13 har følgjande ordlyd:
>
> "Opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov, er unnatekne frå innsyn."
>
> Forvaltningslova § 13, første ledd har følgjande ordlyd:
>
> "Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:
>
> 1) noens personlige forhold, eller
> 2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår."
>
> Heile kontrakten omfattar generelle kontraktsformuleringar, konkurransegrunnlag og leverandøren sitt tilbod. I tilbodet, som også inkluderer korrespondanse og referat frå forhandlings- og avklaringsmøter, er det opplysningar om følgjande område:
>
> - Enkelttilhøve knytt til teknisk løysing
> - Priselement og prisstrategiske element
> - Detaljar om produkt og leveranse
> - Tilhøve av forretningsstrategisk art, interne konsept og arbeidsmåtar
>
> Fylkesrådmannen legg til grunn at dette er opplysningar som er omfatta av fvl. § 13, 1. ledd nr. 2.
>
> Det er vanleg praksis ved gjennomføring av anbodskonkurransar at tilbydarane i samband med tilbodsinnlevering presiserer kva element i tilbodet som vert rekna som teiepliktig informasjon. Dette er også gjort i denne anbodskonkurransen. Det er motteke innsynskrav knytt til avtalen og avtale som er sladda for teiepliktig informasjon er utlevert etter dialog mellom oppdragsgjevar og reklameoperatør om kva som skal reknast som teiepliktig informasjon.
>
> Det er ein føresetnad for handsaming av saka at dei folkevalde også har tilgang til dei teiepliktige delane av kontrakten."

Etter fylkesrådmannen si orientering vart sladda vedlegg oversendt pr. e-post til fylkesutvalet. Saksførelegget er gjort offentleg og er publisert på e-innsyn.

Mona Hellesnes og Terje Søviknes opplyste at dei ville vere ugilde i PS 201/15, medan Sveinung Valle ville vere ugild i PS 223/15. Desse sakene vart difor behandla først.

**Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

## PS 196/15 Godkjenning møtebok forrige møte

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

### Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 18.06.2015 vart godkjend utan merknader.

## PS 197/15 Referatsaker (Meldingar)

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

I samband med RS 131/15 "Kriteriedata til inntektssystemet" orienterte **fylkesrådmannen** om nye opplysningar knytt til kriteriedata.

I samband med RS 132/15 "Invitasjon til å delta i reformprosessen" bad **Mona Hellesnes** om at det vert undersøkt om det er ein frist for å søkje om økonomisk støtte. Fylkesrådmannen orienterte om prosessen så langt.

**RS 108/15 Saker på sommarfullmakt 2015**

**RS 109/15 Signert møtebok frå generalforsamling i Valen Kraftverk AS**

**RS 110/15 Protokoll frå generalforsamling i Bømlo Vegselskap AS**

**RS 111/15 Generalforsamling i Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter A/S 28. april 2015 - Protokoll**

**RS 112/15 Protokoll frå generalforsamling - Opero - 2015**

**RS 113/15 Signert protokoll fra generalforsamling i Beredt AS 29. juni 2015**

**RS 114/15 Årsmelding Vigo IKS 2014**

**RS 115/15 Protokoll generalforsamling**

**RS 116/15 Årsmøteprotokoll - Hardangerbrua AS**

**RS 117/15 Protokoll fra generalforsamlingen i BKK AS 29.04.2015**

**RS 118/15 Møteprotokoll frå Folgefonna nasjonalparkstyre 8. juni 2015**

**RS 119/15 Protokoll fra generalforsamling**

**RS 120/15 Protokoll fra årsmøtet i Foreningen 12. juni 2015 i Vest-Norges brusselkontor**

**RS 121/15 Protokoll fra generalforsamling 12. juni 2015 i Vest-Norges brusselkontor AS**

**RS 122/15 Fylkesmannens beredskapsgjennomgang - rapport**

**RS 123/15 Elbilpasseringar og bompengeinntekter - versjon 2**

**RS 124/15 Belønningsordninga - Bergen - Signering av nye avtale 2015-2018**

**RS 125/15 Uttale Kystverket Vest - Rullering av Nasjonal Transportplan 2018 - 2027**

**RS 126/15 Skånevik ferjekai**

**RS 127/15 Generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering - tolking av mandat**

**RS 128/15 Svar på spørsmål frå Torill Selsvold Nyborg**

**RS 129/15 Tillegg til sak "Pedagogisk arkitektur"**

**RS 130/15 Ny klagenemndsordning - skatteområdet - landsdekkende skatteklagenemnd**

**RS 131/15 Kriteriedata til inntektssystemet**

**RS 132/15 Invitasjon til å delta i reformprosessen (ref 15/3288-1)**

**RS 133/15 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. august 2015**

**RS 134/15 Større saker til politisk behandling hausten 2015 – per august**

## PS 198/15 Avtale med JCDecaux om reklame på rullande materiell

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner avtale med JCDecaux om reklame på rullande kollektivmateriell og gjev fylkesrådmannen fullmakt til å signere avtalen.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

**Røysting** (forslaget om utsetjing):
Oen sitt forslag fekk 6 røyster (SV, Sp, KrF, A) og fall.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Det skal ikkje nyttast retusjert reklame."

**Røysting** (saka)
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF).
Oen sitt forslag fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

**Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner avtale med JCDecaux om reklame på rullande kollektivmateriell og gjev fylkesrådmannen fullmakt til å signere avtalen.

## PS 199/15 Regional transportplan Hordaland - høyring av framlegg til planprogram

**Forslag til innstilling**

1. Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3.

**Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 19.08.2015**

Håkon Rasmussen opplyste om ein faktafeil i saksframlegget. Det er fylkesrådmannen som legg fram saka, ikkje saksordføraren.

Saksordførar **Atle Kvåle** orienterte om planprogrammet.

**Svein Halleraker** sette på vegne av H, FRP, V, A, SP, KRF fram forslag til justeringar i pkt 5.1.1 i planen.

**Alf Helge Greaker** sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til ny innstilling.

Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, når følgjande plantema er innarbeida:

- innfartsparkering
- parkeringstilhøve for sykkel og motorsykkel
- infrastruktur for, og samarbeid ellers med drosjenæringa

**Tom Skauge** sette fram forslag om tillegg til innstillinga.

SAMU ber administrasjonen gje høyringspartane høve til å gje innspel på desse framlegga:

a) Klimaforliket i Stortinget bør inn som viktig nasjonal føring for planarbeidet
b) Alle skular skal ha et trafikksikringsprogram i samarbeid med skule og foreldre.
c) For å gje rom for nyttetrafikken på fylkesvegnettet må det på alle innfartsårar til Bergen med fire felt bli regulert to felt til kollektivfelt.
d) For å gjere vegen betre framkommeleg for nyttetrafikken mot vest bør det regulerast inn kollektivfelt på det nye sambandet og fundamenterast for framtidig bybane.
e) På særlig overbelasta vegar bør en prøve ut gratis kollektivtransport for å betre konkurransevilkåra for miljøvennleg kollektivtransport som t.d. mellom Sotra og Bergen.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.
Alf Helge Greaker sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Svein Halleraker sitt forslag til justering av teksten i planen pkt 5.1.1 vart vedteke mot 1 røyst (SV).
Tom Skauge sitt forslag pkt a) vart vedteke mot 2 røyster (FRP).
Tom Skauge sitt forslag pkt b-e fekk 1 røyst (SV) og fall.

**Innstilling**

Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, når følgjande plantema er innarbeida:
- innfartsparkering
- parkeringstilhøve for sykkel og motorsykkel
- infrastruktur for, og samarbeid ellers med drosjenæringa
- klimaforliket i Stortinget bør inn som viktig nasjonal føring for planarbeidet

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:
Fylkesutvalet ber administrasjonen gje høyringspartane høve til å gje innspel på desse framlegga:

a) Alle skular skal ha et trafikksikringsprogram i samarbeid med skule og foreldre.
b) For å gje rom for nyttetrafikken på fylkesvegnettet må det på alle innfartsårar til Bergen med fire felt bli regulert to felt til kollektivfelt.
c) For å gjere vegen betre framkommeleg for nyttetrafikken mot vest bør det regulerast inn kollektivfelt på det nye sambandet og fundamenterast for framtidig bybane.
d) På særlig overbelasta vegar bør en prøve ut gratis kollektivtransport for å betre konkurransevilkåra for miljøvennleg kollektivtransport som t.d. mellom Sotra og Bergen."

**Røysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

**Vedtak**

Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, når følgjande plantema er innarbeidd:

- innfartsparkering
- parkeringstilhøve for sykkel og motorsykkel
- infrastruktur for, og samarbeid elles med drosjenæringa
- klimaforliket i Stortinget bør inn som viktig nasjonal føring for planarbeidet

## PS 200/15 Oppretting av styringsgruppe for arbeidet med ny sonetakststruktur.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet utnemner fylgjande medlemmer til styringsgruppe for ny sonetakststruktur.

**Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 19.08.2015**

Utvalet sine medlemmar sette fram forslag til kandidatar.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fylkesutvalet utnemner fylgjande medlemmer til styringsgruppe for ny sonetakststruktur.
Gustav Bahus (FRP)
Atle Kvåle (A)
Stein Inge Ryssdal (H)
Anne Beth Njærheim (V)
Pål Kårbø (KRF)

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesutvalet utnemner fylgjande medlemmer til styringsgruppe for ny sonetakststruktur:

Gustav Bahus (Frp)
Atle Kvåle (A)
Stein Inge Ryssdal (H)
Anne Beth Njærheim (V)
Pål Kårbø (KrF)

## PS 201/15 Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomitèen og fordeling av kr. 500.000

**Forslag til innstilling**

| | |
|---|---|
| 1. | Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av Sykkel VM 2017. |
| 2. | Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomièen for Sykkel VM 2017. |
| 3. | Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik:<br><br>Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland kr 200.000<br>Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 kr 200.000<br>Mobil sykkelparkering kr 100.000<br>Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00 |

**Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

| | |
|---|---|
| **1** | Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12 punkts-avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel-VM 2017. |
| **2** | Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomièen for sykkel-VM 2017. |

| | |
|---|---|
| **3** | Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt Sykkel-VM og folkehelse/sykkelvanar slik:<br><br>Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland — kr 200.000<br>Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 — kr 200.000<br>Mobil sykkelparkering — kr 100.000<br><br>Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00 |

**Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 19.08.2015**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017.
2. Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomièen for sykkel VM 2017.
3. Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik:

| | |
|---|---|
| Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland | kr 200.000 |
| Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 | kr 200.000 |
| Mobil sykkelparkering | kr 100.000 |

Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00

**Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

| | |
|---|---|
| 1. | Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017. |
| 2. | Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomièen for sykkel VM 2017. |
| 3. | Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik:<br><br>Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland — kr 200.000<br>Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 — kr 200.000<br>Mobil sykkelparkering — kr 100.000<br><br>Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00 |

Merknad frå Anita G Johannessen (Frp) om at tekst må rettast frå 480 000 sykkelparkeringar til 480 sykkelparkeringar.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

**Mona Hellesnes** og **Terje Søviknes** gjekk frå som ugilde fordi dei er høvesvis styreleiar og styremedlem i Sykkel-VM 2017. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Hellesnes og Søviknes var ugilde, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

**Alf Helge Greaker** møtte for Mona Hellesnes i saka.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av Sykkel-VM 2017.

2. Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomitèen for Sykkel-VM 2017.

3. Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt Sykkel-VM og folkehelse/sykkelvanar slik:

| | |
|---|---|
| Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland | kr 200.000 |
| Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 | kr 200.000 |
| Mobil sykkelparkering | kr 100.000 |

Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00

## PS 202/15 Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2016.

### Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 19.08.2015

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknader til sykkeltiltak i Bergen og Stord, innanfor ordninga om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest vil fylkesutvalet innarbeida naudsynt eigenandel (inntil 32,75 mill. kroner) i inneverande budsjett. Løyving av eigenandel til tiltak i Bergen vil bli innarbeidd innanfor rammene av Bergensprogrammet.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknader til sykkeltiltak i Bergen og Stord, innanfor ordninga om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.

2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest, vil fylkesutvalet innarbeida naudsynt eigenandel (inntil 32,75 mill. kroner) i inneverande budsjett. Løyving av eigenandel til tiltak i Bergen vil bli innarbeidd innanfor rammene av Bergensprogrammet.

## PS 203/15 Endringar i kollektivtilbodet i Kvinnherad

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget for ruteområde Hardanger og Voss.

### Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 19.08.2015

Eit fellesforslag frå utvalet gjekk ut på å ta inn ordet «ikkje» som tredje ord i innstillinga.

**Røysting**
Fellesforslaget frå utvalet vart vedteke mot 1 røyst (V).

**Innstilling**
Fylkesutvalet tilrår ikkje at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget for ruteområde Hardanger og Voss.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

**Mona Hellesnes** sette fram slikt forslag:

> "Fylkesutvalet tilrår at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget for ruteområde Hardanger og Voss."

**Røysting**
Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (V) for Hellesnes sitt forslag.

**Vedtak**

Fylkesutvalet tilrår ikkje at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget for ruteområde Hardanger og Voss.

## PS 204/15 Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tek status om ferjetilbodet til og frå Austevoll og Varaldsøy til orientering

2. Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for å gjennomføre dei strakstiltak som Austevoll kommune ber om i brev til Hordaland fylkeskommune av 28.04.15

   Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for å endre avtalen med Austevoll kommune om årleg tilskot på 4 millionar kroner til delvis dekning av kostnadene med ferje 2 på strekninga Krokeide-Hufthamar.

   Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for at ferje 2 skal gå fast i sambandet i inneverande kontraktsperiode.

**Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 19.08.2015**

**Silja Ekeland Bjørkly** sette fram forslag til ny innstilling.

1. Fylkesferjer er fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkesutvalget har forståelse for den vanskelige situasjonen som har oppstått for Austevoll kommune etter at næringslivet trakk sitt bidrag til ferje 2. Fylkesutvalet vil difor løyva 2,0 millionar frå tilleggsløyvingskontoen som redusera Austevoll kommune sin forpliktelse i 2015. Ein vil koma tilbake til den vidare kostnadsfordelinga i budsjettet i 2016 med sikte på å finne ei permanent løysing.

2. Fylkesutvalet ser behovet for erstatningsferje når ferje 2 vert teken ut for planlagt vedlikehold. Dette gjeld ikkje minst forholdet rundt farlig last. Det vert difor leiga inn erstatningsferje ved planlagt vedlikehald. Kostnader for 2015 vert dekka av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

3. Samferdselsutvalet ber om at erstatningsferje vert søkt innført alt frå det planlagde vedlikehaldet for ferje 2 frå 19.08.15 - 30.08.15.

**Tom Skauge** sette fram protokollmerknad

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.
Silja Ekeland Bjørkly sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. Fylkesferjer er fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkesutvalet har forståelse for den vanskelige situasjonen som har oppstått for Austevoll kommune etter at næringslivet trakk sitt bidrag til ferje 2. Fylkesutvalet vil difor løyva 2,0 millionar frå tilleggsløyvingskontoen som redusera Austevoll kommune sin forpliktelse i 2015. Ein vil koma tilbake til den vidare kostnadsfordelinga i budsjettet i 2016 med sikte på å finne ei permanent løysing.

2. Fylkesutvalet ser behovet for erstatningsferje når ferje 2 vert teken ut for planlagt vedlikehold. Dette gjeld ikkje minst forholdet rundt farlig last. Det vert difor leige inn erstatningsferje ved planlagt vedlikehald. Kostnader for 2015 vert dekka av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

3. Samferdselsutvalget ber om at erstatningsferje vert søkt innført alt frå det planlagde vedlikehaldet for ferje 2 frå 19.08.15 - 30.08.15.

**Protokollmerknad frå Tom Skauge**

Partiet SV beklagar at avtalen som er inngått mellom HFK og Austevoll kommune ikkje vert overhalde frå Austevoll kommune si side. SV røystar for ekstraløyvinga for å gje eit sikrare samband.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

**Benthe Bondhus** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

**Røysting** (forslaget om utsetjing)
Bondhus sitt forslag fekk 2 røyster (Sp, SV) og fall.

**Røysting** (saka)
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkesferjer er fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkesutvalet har forståing for den vanskelige situasjonen som har oppstått for Austevoll kommune etter at næringslivet trakk sitt bidrag til ferje 2. Fylkesutvalet vil difor løyva 2,0 millionar frå tilleggsløyvingskontoen som redusera Austevoll kommune sin forplikting i 2015. Ein vil koma tilbake til den vidare kostnadsfordelinga i budsjettet i 2016 med sikte på å finna ei permanent løysing.

2. Fylkesutvalet ser behovet for erstatningsferje når ferje 2 vert teken ut for planlagt vedlikehald. Dette gjeld ikkje minst forholdet rundt farleg last. Det vert difor leigd inn erstatningsferje ved planlagt vedlikehald. Kostnader for 2015 vert dekt av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

3. Fylkesutvalet ber om at erstatningsferje vert søkt innført alt frå det planlagde vedlikehaldet for ferje 2 frå 19.08.2015 - 30.08.2015.

## PS 205/15 Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland - Oppfølging

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tek moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen- Rogaland til orientering, og ber fylkesrådmannen leggje den til grunn i det vidare arbeidet opp mot statleg plan for kommunedelplannivå for E39 Stord-Os, samt for neste rullering av Regional transportplan.

2. Med ny E39 vil innfallsporten til Tysnes bli endra. Fylkesutvalet meiner det er særleg er behov for å sikre at Tysnes får ei best mogleg tilknyting frå E39 inn mot kommunesenteret Uggdal, og meiner at strekninga bør inngå som ein del av planlegginga av E39- prosjektet.

3. Fylkesutvalet ber om at det i regi av det statlege planarbeidet for E39 Stord –Os blir starta eit arbeid

med ei utgreiing av moglege konsept for ferje og bru mellom Reksteren og Austevoll med sikte på å leggje til rette for ei føremålstenleg kryssløysing på E39 på Reksteren.

4. Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan gjerast.

5. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Aust- vest samband, og legg til grunn at tverrsamband over Samnangerfjorden mellom Fusa og Os, bru over Ålfjorden mellom Etnesjøen og bru mot Kvinnherad frå Tysnes må vurderast som statleg vegprosjekt i ein KVU for strekninga Jøsendal-Bergen.

6. Det må i planarbeidet for E39 og i Regional transportplan arbeidast med å utvikle ein effektiv kollektivstruktur som kan betre konkurransekrafta for kollektivtrafikken.

7. Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane.

8. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta kontakt med Rogaland fylkeskommune om å få utarbeida ein felles moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 på strekninga Bokn-Stord.

**Saksprotokoll i samferdselsutvalet - 19.08.2015**

**Tom Skauge** sette fram forslag om å utsetja saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 km/t vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.

SAMU ber administrasjonen komme tilbake med nytt framlegg når eit nytt planprogram for E39 er lagt fram.

**Røysting**
Forslaget om utsetjing fekk 1 røyst (SV) og fall.

**Tom Skauge** sette fram forslag til nytt pkt

Det er for tidleg i planprosessen å satse alt på kryssing av Bjørnafjorden. SAMU ber om at det blir tatt kontakt med Regjeringa for å få tilbake alternativ indre trase og ferjealternativet til vidare utgreiing.

**Tom Skauge** sette fram protokollmerknad.

**Svein Halleraker** sette fram fellesforslag frå H, A, FRP, KRF, SP om justeringar av teksten i innstillinga pkt 3, 4, 5 og 7.

**Røysting**
Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt fekk 1 røyst og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 og 2 vart vedteke mot 1 røyst (SV).
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 og 8 vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 7 fekk 1 røyst (SV) og fall.
Svein Halleraker sitt fellesforslag pkt 3, 4, 5 og 7 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

**Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen- Rogaland til orientering, og ber fylkesrådmannen leggje den til grunn i det vidare arbeidet opp mot statleg plan for kommunedelplannivå for E39 Stord-Os, samt for neste rullering av Regional transportplan.

2. Med ny E39 vil innfallsporten til Tysnes bli endra. Fylkesutvalet meiner det er særleg er behov for å sikre at Tysnes får ei best mogleg tilknyting frå E39 inn mot kommunesenteret Uggdal, og meiner at strekninga bør inngå som ein del av planlegginga av E39- prosjektet.

3. Fylkesutvalet ber om at det i regi av det statlege planarbeidet for E39 Stord –Os blir starta eit arbeid

med ei utgreiing av moglege konsept for bru mellom Reksteren og Austevoll med sikte på å leggje til rette for ei føremålstenleg kryssløysing på E39 på Reksteren.

4. Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan løysast.

5. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Aust- vest samband, og legg til grunn at tverrsamband mellom Fusa og Os, bru over Ålfjorden mellom Etnesjøen og ferjefritt samband mot Kvinnherad frå Tysnes eller Stord må vurderast som statleg vegprosjekt i ein KVU for strekninga Jøsendal-Bergen.

6. Det må i planarbeidet for E39 og i Regional transportplan arbeidast med å utvikle ein effektiv kollektivstruktur som kan betre konkurransekrafta for kollektivtrafikken.

7. Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane i viktige prosjekt knytta til tverrsambanda inn mot E39.

8. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta kontakt med Rogaland fylkeskommune om å få utarbeida ein felles moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 på strekninga Bokn-Stord.

**Protokollmerknad frå Tom Skauge**

SV røystar mot fleire av framlegga i saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 kmt vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.

SV ber administrasjonen komme tilbake med nytt framlegg når eit nytt planprogram for E39 er lagt fram.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag (a):

> "Alternativ til innstillinga punkt 1:
> Det er for tidleg i planprosessen å satse alt på kryssing av Bjørnafjorden. Fylkesutvalet ber om at det blir tatt kontakt med Regjeringa for å få tilbake alternativ indre trase og ferjealternativet til vidare utgreiing.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag (b):

> Alternativ til innstillinga punkt 7:
> Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane i viktige prosjekt knytta til tverrsambanda inn mot E39."

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

> "SV røystar mot fleire av framlegga i saka.
>
> Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 kmt vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten."

**Røysting**
Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 13 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag (a).
Innstillinga punkt 2 vart vedteken mot 1 røyst (SV).
Innstillinga punkt 3-6 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 7 vart vedteken med 13 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag (b).

Innstillinga punkt 8 vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland til orientering, og ber fylkesrådmannen leggje den til grunn i det vidare arbeidet opp mot statleg plan for kommunedelplannivå for E39 Stord-Os, samt for neste rullering av Regional transportplan.

2. Med ny E39 vil innfallsporten til Tysnes bli endra. Fylkesutvalet meiner det er særleg er behov for å sikre at Tysnes får ei best mogleg tilknyting frå E39 inn mot kommunesenteret Uggdal, og meiner at strekninga bør inngå som ein del av planlegginga av E39-prosjektet.

3. Fylkesutvalet ber om at det i regi av det statlege planarbeidet for E39 Stord-Os blir starta eit arbeid med ei utgreiing av moglege konsept for bru mellom Reksteren og Austevoll med sikte på å leggje til rette for ei føremålstenleg kryssløysing på E39 på Reksteren.

4. Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan løysast.

5. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Aust-vest-samband, og legg til grunn at tverrsamband mellom Fusa og Os, bru over Ålfjorden mellom Etnesjøen og ferjefritt samband mot Kvinnherad frå Tysnes eller Stord må vurderast som statleg vegprosjekt i ein KVU for strekninga Jøsendal-Bergen.

6. Det må i planarbeidet for E39 og i Regional transportplan arbeidast med å utvikle ein effektiv kollektivstruktur som kan betre konkurransekrafta for kollektivtrafikken.

7. Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane i viktige prosjekt knytta til tverrsambanda inn mot E39.

8. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta kontakt med Rogaland fylkeskommune om å få utarbeida ein felles moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 på strekninga Bokn-Stord.

**Protokollmerknad frå SV**
SV røystar mot fleire av framlegga i saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 kmt vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.

## PS 206/15 Høgskolen i Bergen - Nytt val av eksterne styremedlemer

**Forslag til vedtak**

Nytt val for Høgskolen i Bergen.

Til styret for Høgskolen i Bergen oppnemner fylkesutvalet for 4 år med verknad frå 01.08.2015:

Medlemer
1. ...................................
2. ........................................

Varamedlemer
1. ...................................
2. ........................................

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

**Mona Hellesnes** gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som medlem og Birthe Eriksen som varamedlem til styret for Høgskolen i Bergen.

**Pål Kårbø** gjorde framlegg om Kristian Helland som medlem.

**Benthe Bondhus** gjorde framlegg om Jon Askeland som varamedlem.

**Røysting**
Forslaga frå Hellesnes, Kårbø og Bondhus vart samrøystes vedtekne.

**Vedtak**

Nytt val for Høgskolen i Bergen.

Til styret for Høgskolen i Bergen oppnemner fylkesutvalet for 4 år med verknad frå 01.08.2015:

Medlemer
1. Mona Røsvik Strømme
2. Kristian Helland

Varamedlemer
1. Birthe Eriksen
2. Jon Askeland

## PS 207/15 Høyring om endring i fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring

**Forslag til innstilling**

| | |
|---|---|
| 1 | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T bør fjernast frå fagtilbodet i vidaregåande opplæring. |
| 2 | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T-Y bør fjernast frå fagtilbodet dersom matematikk 2T blir fjerna. |

**Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

| | |
|---|---|
| **1** | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T bør fjernast frå fagtilbodet i vidaregåande opplæring. |
| **2** | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T-Y bør fjernast frå fagtilbodet dersom matematikk 2T blir fjerna. |

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T bør fjernast frå fagtilbodet i vidaregåande opplæring.

2. Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T-Y bør fjernast frå fagtilbodet dersom matematikk 2T blir fjerna.

## PS 208/15 Pedagogisk Arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK

### Forslag til innstilling

| | |
|---|---|
| 1 | «Pedagogisk arkitektur – Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK» skal nyttast som del av grunnlaget ved bestilling av nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg og ved rehabilitering og mindre ombyggingar av vidaregåande skular i HFK. |
| 2 | Dokumentet «Pedagogisk Arkitektur» bør behandlast som eit dynamisk rullerande dokument, og bør ha ein regelmessig gjennomgang kvart 5. år. Neste gjennomgang vert tilrådd gjennomførd i 2020. |

### Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande oversendingsforslag**:**

> **«**Ber om at administrasjonen fram mot behandling i fylkesutvalet vurderer å komme med eit forslag til krav til toalettfasilitetar til elevane kor man tar omsyn til at elevar er ulike for eksempel med omsyn til livsyn, handikap og LHBT. Blant annet vurdere unisex-toalett, kjønnsdelte handikaptoalett og toalett med heildekkande veggar».

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

### Innstilling

| | |
|---|---|
| 1 | «Pedagogisk arkitektur – Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK» skal nyttast som del av grunnlaget ved bestilling av nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg og ved rehabilitering og mindre ombyggingar av vidaregåande skular i HFK. |
| 2 | Dokumentet «Pedagogisk Arkitektur» bør behandlast som eit dynamisk rullerande dokument, og bør ha ein regelmessig gjennomgang kvart 5. år. Neste gjennomgang vert tilrådd gjennomførd i 2020. |

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. "Pedagogisk arkitektur – Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK" skal nyttast som del av grunnlaget ved bestilling av nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg og ved rehabilitering og mindre ombyggingar av vidaregåande skular i HFK.

2. Dokumentet "Pedagogisk Arkitektur" bør behandlast som eit dynamisk rullerande dokument, og bør ha ein regelmessig gjennomgang kvart 5. år. Neste gjennomgang vert tilrådd gjennomførd i 2020.

## PS 209/15 Tiltak for å redusere fråfall og auke gjennomføring i vidaregåande opplæring

### Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

Fylkesutvalet tek fylkesrådmannen si sak til etterretning.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesutvalet tek fylkesrådmannen si sak til etterretning.

## PS 210/15 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 4 - 2015

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| | K.stad | Art | Prosj. | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 622.020.00 | 02320 | 06031 | Bergen Handelsgym. - Tilrettelegging / omb. / rehab. | 10 000 000 | |
| 10 | 777.025.00 | 02320 | 00208 | Universell Utforming | 4 000 000 | |
| 10 | 777.020.00 | 02320 | 02144 | Ladepunkt - El-bilar | 2 000 000 | |
| 10 | 636.020.00 | 02320 | 02128 | Laksevåg vgs - uteområde | 1 500 000 | |
| 10 | 777.021.00 | 02320 | 03000 | Rehab. / omb./ tilbygg | | 17 500 000 |
| | | | | | 17 500 000 | 17 500 000 |

**Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| | K.stad | Art | Prosj. | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 622.020.00 | 02320 | 06031 | Bergen Handelsgym. - Tilrettelegging / omb. / rehab. | 10 000 000 | |
| 10 | 777.025.00 | 02320 | 00208 | Universell Utforming | 4 000 000 | |
| 10 | 777.020.00 | 02320 | 02144 | Ladepunkt - El-bilar | 2 000 000 | |
| 10 | 636.020.00 | 02320 | 02128 | Laksevåg vgs - uteområde | 1 500 000 | |
| 10 | 777.021.00 | 02320 | 03000 | Rehab. / omb./ tilbygg | | 17 500 000 |
| | | | | | 17 500 000 | 17 500 000 |

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| | K.stad | Art | Prosj. | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 622.020.00 | 02320 | 06031 | Bergen Handelsgym. - Tilrettelegging / omb. / rehab. | 10 000 000 | |
| 10 | 777.025.00 | 02320 | 00208 | Universell Utforming | 4 000 000 | |
| 10 | 777.020.00 | 02320 | 02144 | Ladepunkt - El-bilar | 2 000 000 | |
| 10 | 636.020.00 | 02320 | 02128 | Laksevåg vgs - uteområde | 1 500 000 | |
| 10 | 777.021.00 | 02320 | 03000 | Rehab. / omb./ tilbygg | | 17 500 000 |
| | | | | | 17 500 000 | 17 500 000 |

## PS 211/15 Høyring - NOU 2015:2 Å høre til - Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø

**Forslag til innstilling**

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til konklusjonane og framlegga til tiltak slik dei går fram av NOU 2015:2 *Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*

**Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til konklusjonane og framlegga til tiltak slik dei går fram av NOU 2015:2 *Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til konklusjonane og framlegga til tiltak slik dei går fram av NOU 2015:2 *Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*.

## PS 212/15 Anmoding om uttale - Hordaland Privatgymnas AS - søknad etter privatskoleloven

**Forslag til innstilling**

Hordaland fylkeskommune har overkapasitet på studiespesialiserande utdanningsprogram. I Bergen kommune er det om lag 1000 elevplassar for mykje. Det er naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram. Ei godkjenning av ein ny privat skule vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støtter ikkje søknaden om godkjenning.

**Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande forslag:

1. Hordaland fylkeskommune er på generell basis positiv til etablering av nye privatskular som forbetrar tilbodet til elevane. I Bergen kommune er det idag om lag 1000 elevplassar for

mykje. Det er derfor naudsynt å gjere andringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram.
2. Ei godkjenning av ein ny privat skule i Bergen kommune vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning.

**Røysting**
Hamre sitt forslag til pkt. 1 vart vedteke mot 5 røyster (AP + SP).
Hamre sitt forslag til pkt. 2 vart vedteke mot 6 røyster (H + FRP).
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster.

**Innstilling**

| | |
|---|---|
| 1 | Hordaland fylkeskommune er på generell basis positiv til etablering av nye privatskular som forbetrar tilbodet til elevane. I Bergen kommune er det idag om lag 1000 elevplassar for mykje. Det er derfor naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram. |
| 2 | Ei godkjenning av ein ny privat skule i Bergen kommune vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning. |

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

**Røysting**
Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 6 røyster (A, SV, Sp).
Innstillinga punkt 2 vart vedteken mot 6 røyster (H, Frp).

**Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune er på generell basis positiv til etablering av nye privatskular som forbetrar tilbodet til elevane. I Bergen kommune er det i dag om lag 1000 elevplassar for mykje. Det er derfor naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram.

2. Ei godkjenning av ein ny privat skule i Bergen kommune vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning.

## PS 213/15 Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Stødleterrassen. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane og samstundes leggja til rette for vidare drift som landbruksområde.
2. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.
3. Fylkesutvalet ber om at fredinga vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med lokale styresmakter og grunneigarar.

**Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag til vedtak:

> «Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.»

**Røysting**
Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke mpt fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

**Innstilling**

Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

**Vedtak**

Saka var utsett i kultur- og ressursutvalet, og vart difor ikkje behandla.

## PS 214/15 Forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - Baroniet Rosendal. Høyringsfråsegn

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Baroniet Rosendal i Kvinnherad kommune. Fredinga vil sikra ein særs verdifull kulturhistorisk heilskap.
2. Fylkesutvalet oppmodar Kvinnherad kommune om å ta omsyn til Baroniet og til den landskapsmessige og kulturhistoriske heilskapen i arealplanar for områda rundt Baroniets eigedom.

**Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Baroniet Rosendal i Kvinnherad kommune. Fredinga vil sikra ein særs verdifull kulturhistorisk heilskap.
Fylkesutvalet oppmodar Kvinnherad kommune om å ta omsyn til Baroniet og til den landskapsmessige og kulturhistoriske heilskapen i arealplanar for områda rundt Baroniets eigedom.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Baroniet Rosendal i Kvinnherad kommune. Fredinga vil sikra ein særs verdifull kulturhistorisk heilskap.

2. Fylkesutvalet oppmodar Kvinnherad kommune om å ta omsyn til Baroniet og til den landskapsmessige og kulturhistoriske heilskapen i arealplanar for områda rundt Baroniets eigedom.

## PS 215/15 Søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn.

**Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

**Natalie A Golis (MDG)** sette fram slikt forslag til vedtak:

> «Nytt pkt.1 - Av omsyn til sårbart høgfjellav stor verdi og den høge verdisetjinga av dalen. Biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv, rår Hordaland fylkeskommune frå utbyggin av Austdøla Kraftverk i Ulvik.
> Endra ordlyd på pkt.2 – Om NVE rår til skal det av omsyn .....»

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot Golis sitt forslag som fekk 5 røyster (MDG, A).

**Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Austdøla kraftverk.
2. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og villrein vil Hordaland fylkeskommune rå til veglaus utbygging.
3. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv bør vassføring i elva Austdøla oppretthaldast i størst mogleg grad. Landskapstilpassing av tiltaket og revegetering må ha høg prioritet.
4. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
5. Av omsyn til innlandsfisk rår Hordaland fylkeskommune til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyteområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.
6. Av omsyn til friluftslivet bør demningane byggjast med gangbruer.
7. Med omsyn til planområda er undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i stor grad oppfylt. Unntaket er nettilknyting, der dagens 22 kV leidning frå Ulvik til Osa ikkje er dimensjonert for ny kraftproduksjon og difor må oppgraderast. Detaljplan for dette tiltaket med planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
8. Det vert ikkje stilt krav om § 9 jf. undersøkingsplikta med omsyn til tipp- og riggområde.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag (a):

> "Alternativ til punkt 1:
> Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og den høge verdisetjinga av dalen, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Austdøla kraftverk i Ulvik.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag (b):

> "Endra ordlyd på punkt 2:
> Om NVE rår til skal det av omsyn ....."

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

> "Hordaland fylkeskommune ser med uro på at kraftkommunar som har avstått verdfulle naturlandskap har fått inntektene redusert og står i fare for ytterlegare inntektsreduksjon."

**Røysting**
Innstillinga punkt 1 vart vedteke med 13 røyster mot 1 røyst for Oen sitt forslag (a).
Innstillinga punkt 2 vart vedteke med 13 røyster mot 1 røyst for Oen sitt forslag (b).
Innstillinga punkt 3-8 vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Austdøla kraftverk.

2. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og villrein vil Hordaland fylkeskommune rå til veglaus utbygging.

3. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv bør vassføring i elva Austdøla oppretthaldast i størst mogleg grad. Landskapstilpassing av tiltaket og revegetering må ha høg prioritet.

4. Av omsyn til fossekall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.

5. Av omsyn til innlandsfisk rår Hordaland fylkeskommune til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyteområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.

6. Av omsyn til friluftslivet bør demningane byggjast med gangbruer.

7. Med omsyn til planområda er undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i stor grad oppfylt. Unntaket er nettilknyting, der dagens 22 kV leidning frå Ulvik til Osa ikkje er dimensjonert for ny kraftproduksjon og difor må oppgraderast. Detaljplan for dette tiltaket med planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

8. Det vert ikkje stilt krav om § 9 jf. undersøkingsplikta med omsyn til tipp- og riggområde.

**Protokollmerknad frå SV**
Hordaland fylkeskommune ser med uro på at kraftkommunar som har avstått verdfulle naturlandskap har fått inntektene redusert og står i fare for ytterlegare inntektsreduksjon.

## PS 216/15 Forslag om freding av Forum kino i Bergen. Høyringsfråsegn

**Forslag til innstilling**
Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.

**Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.

## PS 217/15 Framlegg til høyringsutgåve Handlingsprogram 2016-2018 for Vassregion Sogn og Fjordane - regional plan for vassforvaltning

**Forslag til vedtak**

1. Utkast til handlingsprogram (2016-18) for Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021, datert 04.08.2015, vert lagt ut på høyring.

2. Høyringsperioden vert fastsett til 01.09.15 - 15.10.2015.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Utkast til handlingsprogram (2016-18) for Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021, datert 04.08.2015, vert lagt ut på høyring.

2. Høyringsperioden vert fastsett til 01.09.2015 - 15.10.2015.

## PS 218/15 Søknad om løyve til Tysso kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn.

**Forslag til innstilling**

1 Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 2 til utbygging av Tysso kraftverk.
2 Bekkekløfta i tiltaksområdet må kartleggjast i samsvar med retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Om det syner seg at juvet har kritisk truga eller sterkt truga artar, vil Hordaland fylkeskommune rå frå konsesjon. Om tiltaket i juvet kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi, må NVE vurdera om den søkte minstevassføringa er tilstrekkeleg. Om juvet ikkje let seg undersøkja, vil Hordaland fylkeskommune med grunnlag i føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova rå frå konsesjon.
3 Av omsyn til vintererle må skogen langs elva i tiltaksområdet haldast intakt.
4 Av omsyn til fossekall må ein vurdera oppsetting av eigne reirkasser der trygge reirplassar forsvinn.
5 Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera om minstevassføringa ovanfor kraftstasjonen er høg og differensiert nok til å ta vare på omsynet til potensialet for anadrom fisk.
6 Gyteområde for brunaure må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden.
7 Inntaksdam og tunnelpåhogg med massedeponi må tilpassast slik at det ikkje oppstår varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet.
8 Det vert stilt krav om arkeologisk registrering, jf. § 9 i kulturminnelova, skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som høgt.
9 Ein eldre vegtrasé skal tilbakeførast når anleggsarbeidet er ferdig.
10 Det skal ikkje gjerast eksteriørmessige endringar i kraftstasjonen.
11 Det må óg takast omsyn til kulturminneverdiane knytt til interiør i kraftstasjonen. Eldre aggregat, samt mekanisk og elektrisk utstyr av kulturhistorisk interesse, bør takast vare på.
12 Vassføringa i Tysso må oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturminneelementa langs elva ikkje vert vesentleg forringa.

**Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1 Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 2 til utbygging av Tysso kraftverk.
2 Bekkekløfta i tiltaksområdet må kartleggjast i samsvar med retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Om det syner seg at juvet har kritisk truga eller sterkt truga artar, vil Hordaland fylkeskommune rå frå konsesjon. Om tiltaket i juvet kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi, må NVE vurdera om den søkte minstevassføringa er tilstrekkeleg. Om juvet ikkje let seg undersøkja, vil Hordaland fylkeskommune med grunnlag i føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova rå frå konsesjon.
3 Av omsyn til vintererle må skogen langs elva i tiltaksområdet haldast intakt.
4 Av omsyn til fossekall må ein vurdera oppsetting av eigne reirkasser der trygge reirplassar forsvinn.
5 Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera om minstevassføringa ovanfor kraftstasjonen er høg og differensiert nok til å ta vare på omsynet til potensialet for anadrom fisk.
6 Gyteområde for brunaure må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden.
7 Inntaksdam og tunnelpåhogg med massedeponi må tilpassast slik at det ikkje oppstår varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet.

8 Det vert stilt krav om arkeologisk registrering, jf. § 9 i kulturminnelova, skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som høgt.
9 Ein eldre vegtrasé skal tilbakeførast når anleggsarbeidet er ferdig.
10 Det skal ikkje gjerast eksteriørmessige endringar i kraftstasjonen.
11 Det må óg takast omsyn til kulturminneverdiane knytt til interiør i kraftstasjonen. Eldre aggregat, samt mekanisk og elektrisk utstyr av kulturhistorisk interesse, bør takast vare på.
12 Vassføringa i Tysso må oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturminneelementa langs elva ikkje vert vesentleg forringa.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 2 til utbygging av Tysso kraftverk.

2. Bekkekløfta i tiltaksområdet må kartleggjast i samsvar med retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Om det syner seg at juvet har kritisk truga eller sterkt truga artar, vil Hordaland fylkeskommune rå frå konsesjon. Om tiltaket i juvet kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi, må NVE vurdera om den søkte minstevassføringa er tilstrekkeleg. Om juvet ikkje let seg undersøkja, vil Hordaland fylkeskommune med grunnlag i føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova rå frå konsesjon.

3. Av omsyn til vintererle må skogen langs elva i tiltaksområdet haldast intakt.

4. Av omsyn til fossekall må ein vurdera oppsetting av eigne reirkasser der trygge reirplassar forsvinn.

5. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera om minstevassføringa ovanfor kraftstasjonen er høg og differensiert nok til å ta vare på omsynet til potensialet for anadrom fisk.

6. Gyteområde for brunaure må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden.

7. Inntaksdam og tunnelpåhogg med massedeponi må tilpassast slik at det ikkje oppstår varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet.

8. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering, jf. § 9 i kulturminnelova, skal utførast i god tid før tiltak
   i marka vert sett i verk, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som høgt.

9. Ein eldre vegtrasé skal tilbakeførast når anleggsarbeidet er ferdig.

10. Det skal ikkje gjerast eksteriørmessige endringar i kraftstasjonen.

11. Det må óg takast omsyn til kulturminneverdiane knytt til interiør i kraftstasjonen. Eldre aggregat, samt mekanisk og elektrisk utstyr av kulturhistorisk interesse, bør takast vare på.

12 Vassføringa i Tysso må oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturminneelementa langs elva ikkje vert vesentleg forringa.

## PS 219/15 Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 3, punkt 6.1, punkt 7, punkt 8, og punkt 9 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

**Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 3, punkt 6.1, punkt 7, punkt 8, og punkt 9 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 3, punkt 6.1, punkt 7, punkt 8, og punkt 9 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

## PS 220/15 Avtale om kjøp av bokbåtteneste for Hordaland og Møre og Romsdal

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner framlegg til rammeavtale om kjøp av bokbåtteneste for Hordaland og Møre og Romsdal.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner framlegg til rammeavtale om kjøp av bokbåtteneste for Hordaland og Møre og Romsdal.

## PS 221/15 Klage på vedtak om avslag på tilskot til "NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2015-2016" (RULL-midlar, søknadsnummer: 2015-0037)

**Forslag til vedtak**

Vedtaket om avslag på søknaden om tilskot til prosjektet «*NyGiv i Sauehaldet i Hordaland 2015-2016*» vert oppretthaldt. Avslaget vert grunngjeve med at det våren 2015 kom inn søknader om RULL-midlar som samla sett langt oversteig summen av tilskotsmidlar til utdeling.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Vedtaket om avslag på søknaden om tilskot til prosjektet "NyGiv i Sauehaldet i Hordaland 2015-2016" vert oppretthalde. Avslaget vert grunngjeve med at det våren 2015 kom inn søknader om RULL-midlar som samla sett langt oversteig summen av tilskotsmidlar til utdeling.

## PS 222/15 Svar på spørjeundersøking frå Nordsjøkommisjonen

**Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune støttar Nordsjøkommisjonen sitt vedtak knytt til revisjon av Nordsjøkommisjonen sin strategi – North Sea Region 2020. Fylkesutvalet meiner at ei midvegs evaluering gjev NSC muligheit til å vurdere kva ein har oppnådd sidan 2011, kva oppgåver som gjenstår, og å tilpasse desse til nærings- og samfunnsendringar i Nordsjøområdet.

2. Fylkesutvalget oversender samla svar på spørsjeundersøkinga, som skissert i denne saka.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune støttar Nordsjøkommisjonen sitt vedtak knytt til revisjon av Nordsjøkommisjonen sin strategi – North Sea Region 2020. Fylkesutvalet meiner at ei midvegs evaluering gjev NSC muligheit til å vurdere kva ein har oppnådd sidan 2011, kva oppgåver som gjenstår, og å tilpasse desse til nærings- og samfunnsendringar i Nordsjøområdet.

2. Fylkesutvalet oversender samla svar på spørjeundersøkinga, som skissert i denne saka.

## PS 223/15 Rapportering på bruk av tilskot for Business Region Bergen

**Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet tek «Rapportering på bruk av tilskudd for Business Region Bergen i 2014» datert 26. juni 2015 til etterretning.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

**Sveinung Valle** gjekk frå som ugild fordi han er nestleiar i styret for Business Region Bergen.
Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Valle var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

> "SV ser det som svært uheldig at ein nyttar 960 440 kr til delegasjonsreiser til oljemesser. Desse pengane burde vore brukt til grøn omstilling."

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Fylkesutvalet tek "Rapportering på bruk av tilskudd for Business Region Bergen i 2014" datert 26. juni 2015 til etterretning.

**Protokollmerknad frå SV**
SV ser det som svært uheldig at ein nyttar 960 440 kr til delegasjonsreiser til oljemesser. Desse pengane burde vore brukt til grøn omstilling.

## PS 224/15 Rekneskapsrapport pr. juni 2015.

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2015 til orientering.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2015 til orientering.

## PS 225/15 Ymse

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 201, 223, 198-200, 203-204, 202, deretter i rekkjefølgje 205-224/15.

**ORIENTERINGAR**

Sykkelpresident og president i organisasjonskomitéen for Sykkel-VM 2017, **Harald Tiedemann Hansen**, orienterte om status for Sykkel-VM 2017. Også Erik K. Halvorsen og Eli Orre frå Sykkel-VM 2017 var til stades.

Direktør **Merete Mikkelsen** ved Vest-Norges Brusselkontor orienterte om EU/Europa.

**YMSE**

I samband med PS 117 og 118/15 tok **Sveinung Valle** opp spørsmål knytt til småkraftverk, m.a. kor mange som er realisert av dei som har fått konsesjon. Fylkesrådmannen vil utarbeide notat om problemstillinga.

I samband med behandlinga av PS 222/15 bad **Aud Karin Oen** om følgjande:

> "**Sellafield**
> Kan fylkesutvalet få ei orientering om ståa rundt dette anlegget?

**OPEN TIME**

**Birthe Eriksen** sette på vegner av H, V, Frp, SV, Sp, Krf og A fram slikt forslag:

> "Fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune ber fylkesordføreren gå i dialog med relevante arbeidsaktører og offentlige myndigheter med sikte på å sette i gang et prosjekt for å skaffe flere lærlingeplasser."

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

**Vedtak**

Fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune ber fylkesordføreren gå i dialog med relevante arbeidsaktører og offentlige myndigheter med sikte på å sette i gang et prosjekt for å skaffe flere lærlingeplasser.

**Mona Røsvik Strømme** stilte slikt spørsmål:

> "Hvordan går det med fremdrift på innfartsparkering i samarbeid med Bergen kommune?"

Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at fylkeskommunen samarbeider med Bergen kommune om innfartsparkering. Det vil verte lagt fram notat om problemstillinga.

**Mona Hellesnes** bad om følgjande:

> "**Informasjon om administrativ organisering av kollektivtilbudet:**
> De siste årene har det vært en stor utvikling i kollektivreisende, og i -tilbudet. Elektronisk billettering og andre elektroniske løsninger er innført. Vi har overtatt trolleybusslinjen, bygga bybanen videre til Lagunen, økt bussproduksjonen og hurtigbåttilbudet. Vi har og vedtatt lav- og nullutslippskrav på de nye fergeanbudene som skal ut i slutten av året.
>
> I tillegg har vi fått en oppgavemelding på Stortinget som også berører kollektivansvaret.
>
> Ber om at fylkesutvalget får en redegjørelse på administrativ organisering knyttet til kollektivtilbudet i Hordaland."

**Benthe Bondhus** spurde om kven sitt ansvar det er når ein flyttar materiell som ikkje er reserveferje til ein annan stad. Direktøren i Skyss, Oddmund Sylta, opplyste at det er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar i samarbeid med ferjeoperatør og evt. Statens vegvesen og Politiet. Det vert gjort ei konkret vurdering i kvart enkelte tilfelle.

**Benthe Bondhus** etterspurde status for fylkesordføraren sitt møte med Ullensvang herad, jf. junitinget. Fylkesordføraren orienterte.

**Benthe Bondhus** spurde om kven som har ansvaret for at publikum må køyre i 60 km/t på nye vegar som også har sykkelsti. Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at det er Statens vegvesen (SVV) som bestemmer fartsgrensene. Hordaland fylkesting er "fraviksmyndighet" for SVV sine handbøker.

**Nils-Olav Nøss** sette fram slikt forslag til fråsegn:

> **"Framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje**
> Regjeringa har ved samferdselsministeren valt å utgreia samanslåing av sjøtrafikksentralane i landet, med mogeleg konsekvens at Fedje sjøtrafikksentral vert føreslått nedlagt, og flytta til Rogaland.
>
> Den maritime overvakinga av eit av Nord-Europas mest trafikkerte og risikofylte farvatn, vert i dag styrt frå Fedje sjøtrafikksentral. Denne sentralen har med si plassering midt i overvakingsområdet, svært gode føresetnader for å ha kontroll med skipstrafikken, både elektronisk og visuelt. Over halvparten av alle tankskip på norskekysten er innom Fedjesentralen sitt overvakingsområde. På Fedjesentralen står høgkompetent maritimt personell for overvaking, rettleiing og risikovurdering av trafikken i området døgnet rundt.
>
> For fylkesutvalet i Hordaland er det avgjerande for sjøtryggleiken i vårt område, at Fedje sjøtrafikksentral vert oppretthalden som i dag. Fylkesutvalet ber Regjeringa ved samferdselsministeren leggja denne ballen død ein gong for alle, og ikkje bidra til å skapa uro rundt sjøtryggleiken i fylket vårt."

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

**Vedtak**

**Fråsegn - Framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje**
Regjeringa har ved samferdselsministeren valt å utgreia samanslåing av sjøtrafikksentralane i landet, med mogeleg konsekvens at Fedje sjøtrafikksentral vert føreslått nedlagt, og flytta til Rogaland.

Den maritime overvakinga av eit av Nord-Europas mest trafikkerte og risikofylte farvatn, vert i dag styrt frå Fedje sjøtrafikksentral. Denne sentralen har med si plassering midt i overvakingsområdet, svært gode føresetnader for å ha kontroll med skipstrafikken, både elektronisk og visuelt. Over halvparten av alle tankskip på norskekysten er innom Fedjesentralen sitt overvakingsområde. På Fedjesentralen står høgkompetent maritimt personell for overvaking, rettleiing og risikovurdering av trafikken i området døgnet rundt.

For fylkesutvalet i Hordaland er det avgjerande for sjøtryggleiken i vårt område, at Fedje sjøtrafikksentral vert oppretthalden som i dag. Fylkesutvalet ber Regjeringa ved samferdselsministeren leggja denne ballen død ein gong for alle, og ikkje bidra til å skapa uro rundt sjøtryggleiken i fylket vårt.

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV, A og Sp fram slikt forslag til fråsegn:

> "**Maskinskatten**
> Finansdepartementet sendte i sommar ut på høyring eit forslag om å endre reglane for eigedomsskatt på arbeidsmaskiner i verk og bruk. Å kutte denne såkalla maskinskatten vert rekna til å kosta kommunane minst 1,2 milliardar kroner.
>
> Ifølgje KS vert rekninga i realiteten langt større for dei 343 kommunane som skriv ut denne skatten i dag. Meir enn 1,7 milliardar kroner, er KS sitt anslag.
>
> Fleire Hordalandskommunar som er vertskap for store industrianlegg vil tapa store inntekter på denne omlegginga, og det uroar Hordaland fylkesutval. Desse kommunane er og mellom dei som vert hardt råka av arbeidsløyse knytt til oljeindustrien.
>
> – Eit så stort inntektstap vil medføre enten klare kutt i kommunane sine tenester til innbyggjarane, auka eigedomsskatt på bustader, fritidseigendommar og næringseigendommar, eller begge delar. I tillegg er det ei gigantisk overføring frå kommunane til staten.
>
> Hordaland fylkesutval går mot denne omlegginga."

Fylkesutvalet tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

7 av representantane (H, V, Frp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

Eit samla **fylkesutval** bad om å få lagt fram sak i neste møte om Finansdepartementet sitt forslag om å endre reglane for eigedomsskatt på arbeidsmaskiner i verk og bruk ("maskinskatten").

**Mona Hellesnes** minna fylkesutvalet om avslutninga for fylkestinget i Håkonshallen 13. oktober d.å.

**Orientering om personalsak**
Møtet vart lukka etter reglane i kommunelova § 31, jf. forvaltningslova § 13.

Fylkesrådmannen orienterte.